

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.11.2018

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, Sp, KrF, V og H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen endras frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel. Fylkesutvalet ber rådmannen leggje fram ei sak til behandling i fylkestinget i mars 2019».

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

Fylkestinget tek fylkesrådmannen si orientering til vitande, og sluttar seg til det vidare arbeidet.

Tittelen til den øvste administrative leiar i fylkeskommunen endras frå fylkesrådmann til ein kjønnsnøytral tittel. Fylkesutvalet ber rådmannen leggje fram ei sak til behandling i fylkestinget i mars 2019.